

29.09.2010

Uskedalen treng ein stadanalyse



Planområdet vil truleg bli som på dette bildet. (Foto: Kristian Olav Bringedal)

No er det Uskedalen sin tur til å få ein stadanalyse.

Sentrumsutvikling i Uskedalen er omtala i den kommunale strategiplanen 2010 -2014.

Kva er så ein stadanalyse?

- * Planen skal gje svar på viktige spørsmål om framtidig arealbruk i sentrum
- * Planen vert til med bakgrunn i brei medverknad frå ulike partar,- lokalt næringsliv, kommunale organ, born og unge, eldre, frivillige organisasjonar og innbyggjarane elles
- * Det vert haldne opne møte med høve for alle til å koma med innspel og bli høyrte
- * Som dokumentasjon er det viktig å få fram synet til utflytte uskedelingar,-kva som må til for å få tilflytting og auka folketal
- * Stadanalysen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men eit arbeid før eventuell. reguleringsplan

Planområde må definerast og prosessen vil vera avgjerande for kva tema ein vil ha fokus på.

Viktige tema kan vera: Arealbruk, skule/oppvekst, trafikksikring, miljø, arkitektur, næringsområde, friluftsareal, landskapsanalyse og kultur.

Av bygder som alt har slike planar, kan vi nemna: Rosendal (sentrumsplan), Mauranger med Sundal sentrum, Husnes og Sunde.

Stadanalysen på Sunde er grunnlaget for arbeidet med reguleringsplanen for Sunde sentrum.

Kostnaden med ein stadanalyse må dekkast i eit privat/offentleg samarbeid.

Asplan Viak er eit av mange konsulentfirma som utfører slikt arbeid.

Før oppstart må det gjerast vedtak i formannskapet

Av Kristian Olav Bringedal